

Ny PCR-analyse for *Chlamydia trachomatis* og *Neisseria gonorrhoeae*

Mikrobiologisk avdeling startar med ny PCR analyse for påvising av *Chlamydia trachomatis* og *Neisseria gonorrhoeae*. Analysen vert utført frå 24.09.2018.

Helse Førde har tidlegare ikkje utført PCR for gonokokkar. Dette innførast no, saman med ein ny og forbetra PCR for *Chlamydia trachomatis*. Samtidig påvising av *Chlamydia* og gonokokkar er mogleg i same prøverør. Ein kan rekvirere anten kun *Chlamydia trachomatis* eller *Chlamydia* + gonokokkar.

Gonokokk PCR er meir sensitiv enn dyrking. Men ved positiv gonokokk PCR er det ønskjeleg å dyrke bakterien i tillegg, for om mogleg å utføre resistensbestemming. Prøve til dyrking vil difor då etterspørjast. Det er ulike transportmedium til PCR og dyrking (sjå nedanfor). Ved sterk klinisk mistanke om gonore bør prøve til bakteriologisk dyrking og resistenstesting difor sendast saman med prøve til PCR.

Prøvemateriale

Aktuelle prøvemateriale for begge analysar er vaginalsekret, cervixsekret, uretrasekret eller urin.

Rekvirering av analyse

Analysane kan rekvirerast elektronisk frå primærhelsetenesta i bolk for «Seksuelt overførbare sykdommer» i tenestekatalogen.

Prøvetakingsutstyr

Nytt prøvetakingsutstyr er eNAT frå Copan. Prøvetakingsutstyr kan nyttast til både urin og sekret:



Gamalt prøvetakingsutstyr (UTM-kit) kan nyttast for sekret. Urinprøver på monovette er ikkje eigna for analysen grunna dårleg haldbarheit. Korrekt prøvetakingsutstyr kan bestillast kostnadsfritt frå oss.

Dyrking og resistenstesting av gonokokkar vert berre utført i sekret. Prøvetakingsrør til PCR kan ikkje nyttast. Det er inga endring når det gjeld transportmedium til gonokokkdyrking (bakteriologisk pensel).

Utfyllande informasjon om analyse og prøvetaking er oppført i vår brukarhandbok:

<https://helse-forde.no/laboratoria/brukarhandbok-mikrobiologi>